



Gudrun E. Stefansdottir
Fylkesmannen i Hordaland
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1135 - 14/23140

Saksbehandlar:
Trude Langedal
trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Kostnadsoverslag

Vedr. søknad om skjønsmidler til fornyings – og utviklingsprosjekt i kommunane – Skisse – og forprosjekt for forlenging av allmenningen frå Knarvik sentrum til idretts – og skuleområdet

Vi viser til vår søknad om skjønsmidler datert 15.08.2014 med referanse 14/1240-14/18383. Søknaden gjeld forlenging av allmenning frå Knarvik sentrum til idretts- og skuleområdet ved Lonene.

Forbindelsen til idretts- og skuleområdet er særlig viktig for barn og unge. Vi legg opp til ein aktiv prosess med medverknad frå ei bredt samansett gruppe med representantar frå barn-/unge, handelsstanden, kyrkja og idretts – og skulemiljøet.

Forprosjektet vil bli illustrert med plan og lengdesnitt i målestokk 1:200/1:500, typiske tverrsnitt i 1:20/1:50, 3 d illustrasjonar og skildring for allmenninga.

Det vil være naturleg å dele inn området i delprosjekt/ - strekkingar som vil få ulike hovudfokus, men med nokre samlande element som t.d. lik materialbruk og lyssetting mm.

Utbygging av allmenning vil kunne skje over tid, gjerne i tilknytning til annan utbygging i delområda. Felles forprosjekt vil bidra til å skape ein heilskap i utforminga av allmenning sjølv om utbygginga skjer i fleire byggetrinn.



**Stipulert kostnadsoverslag for skisse- og forprosjekt allmenning,
delstrekning Knarvik senter til Lonene:**

Aktivitetar	Omfang	Kostnad /ca. kr 1000 pr. t
Oppstart/ analyse/synfaring	5 dgv	
Utarbeide konsept for utforming	4 dgv	
Møte i arbeidsgruppa	1 dgv	
Skisseutkast allmenning	4 dgv	
Miniseminar, samarbeid og medverknad referansegruppe/ arbeidsgruppe	3 dgv	
Utarbeide utkast til forprosjekt	10 dgv	
Presentasjon referansegruppe / arbeidsgruppe	1 dgv	
Bearbeide utkast, ferdigstille forprosjekt	7 dgv	
Presentasjon i arbeidsgruppa	1 dgv	
Evt justeringar, ferdigstille materialet	2 dgv	
Sum tidsbruk/ kostnad	38 dgv	Kr. 285.000,-

Med helsing

Trude Langedal
Planleggjar/ arkitekt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.